



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET	
14. AUG. 2006	
Saksnr.	06, 1330-30
Arkivnr.	

Dykkar referanse:
/

Vår referanse:
0220/611.4-06 VH

Dato:
10. 08. 2006

NYTT KAPITALDEKNINGSREGELVERK, UTKAST TIL FORSKRIFTER, RISIKOVEKTING AV KOMMUNEGARANTERTE LÅN - HØYRINGSFRÅSEGN

Vi viser til brev av 14.6.06 frå Finansdepartementet, der Kredittilsynet sitt utkast til forskrifter om dei nye kapitaldekningsreglane blir sende på høyring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av over 100 kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak, som har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Vi arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur, og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for. Vi engasjerer oss dessutan i andre saker som medlemene våre ber oss om å ta opp.

Det er vår oppfatning at styresmaktene tek for strenge omsyn når ein no skal gjennomføre EUs kapitaldekningsdirektiv i norsk lovgiving, og at det ikkje blir lagt vekt på konkurranseevna til mindre norske finansinstitusjonar. Spesielt gjeld det den føreslåtte risikovekta for engasjement med garanti frå norske kommunar og fylkeskommunar. I denne høyringsfråsegna vil vi konsentrere oss om dette forslaget.

I Kredittilsynet sitt forslag til forskrift om nye kapitaldekningsreglar, datert 28.4.06, blir ikkje garantiar frå norske kommunar godkjende som risikoreduserande, jf. del V (Adgangen til å hensynta sikkerheter ved fastsettelse av kapitalkrav for kredittrisiko, § 1-9 Krav til garantier). Risikovekta til selskap (utan rating) med kommunal garanti, blir derfor 100 %. Dette meiner vi er ei altfor streng praktisering av regelverket.

EUs kapitaldekningsdirektiv opnar for at ein kan gjere unntak frå hovudregelen når det gjeld garantiar frå norske kommunar. Tilsynsmyndigheitene i dei andre nordiske landa har mellom anna føreslått at ein nyttar seg av denne moglegheita. Dersom Noreg har ein annan praksis, kan det verke konkurransehemmande for mindre norske finansinstitusjonar fordi

det berre blir dei store finansinstitusjonane, som er godkjende for bruk av såkalla IRR-metodar, som kan oppnå redusert vekting av kommunegaranterte lån.

Dessutan meiner vi at ei avvikande norsk praktisering på dette området bryt med pliktene ifølgje EØS-avtalen om ei einsarta gjennomføring av fortolkingar som er gjorde av internasjonale organ.

Vi meiner at den reelle risikoen i kommunale garantiar burde tilseie at det norske regelverket gjer unntak frå hovudregelen når det gjeld garantiar frå norske kommunar. Risikoen som er knytt til kommunale garantiar, må seiast å vere nærmast lik null. Vi er kjende med at Kommunalbanken (tidlegare Norges Kommunalbank) aldri har hatt tap på utlån med kommunal garanti. Den garantierklæringa som norske finansinstitusjonar bruker ved kommunegaranterte lån, er klart innanfor dei krava som blir stilte for at ein garanti skal kunne få unntak frå hovudregelen. EUs direktiv slår fast følgjande om garantiar som kan inngå i unntaksføresegna:

”Garantisten skal ikke kunne trekke garantien (kredittbeskyttelsen) tilbake, redusere garantiens løpetid, øke kostnaden eller kunne forhindre at utbetaling skjer innen rimelig tid der garantien er utløst. Garantien skal være direkte, og hvilke engasjementer som er beskyttet, skal fremgå av avtalen.”

Garantiteksten som norske kommunar gir, tilfredsstiller desse krava fullt ut, og garantiane er innanfor dei rammene som følgjer av § 51 i kommunelova og forskrift gitt i samsvar med denne paragrafen. Det ser såleis ut til at ein legg opp til ein langt strengare og meir innskrenka definisjon av kva ein skal tillate i Noreg, enn kva styresmaktene tillet i land vi gjerne samanliknar oss med.

Det kan etter dette ikkje vere riktig å konkludere med at sjølvskyldnarkausjonar etter norsk rett er uttrykkjelege (tydelege), mens simple kausjonar ikkje oppfyller desse eigenskapane. Det må vere klart at den kausjonsteksten som blir brukt, oppfyller kravet om at kausjonen skal vere uttrykkjeleg.

Dei andre risikovektene som går fram av kapitaldekningsforskrifta, harmonerer dårleg med den føreslåtte risikovekta på kommunegaranterte lån. Vi viser i denne samanhengen til forslaget om at lån med pantesikkerheit i bustad, som låntakar bur i eller kjem til å bu i, eller bustad som er utleigd innanfor 80 % av forsvarleg verdigrunnlag, blir vekta 35 %. Tvangsfullføring av bustadlån er ein tidkrevjande prosess, men ikkje rekna som soliditetsrisiko for långivar. Kommunane er underlagde langt strengare restriksjonar når det gjeld garantiplikter, og det er lover og klare prosedyrar som regulerer kommunal finansieringsverksemd. Dette er ytterlegare eit eksempel på at risikovekta for kommunegaranterte lån ikkje bør vere 100 %.

Det er vår oppfatning at den føreslåtte tilpassinga av regelverket bryt med eit av hovudformåla, m.a. nemnt i Ot. prp 66 (2005–2006), som er å fremme meir risikosensitive kapitaldekningskrav.

Vi meiner at den norske tilpassinga av EUs kapitaldekningsdirektiv må få risikoreduserande effekt, og at norsk lovgiving må leggje til rette for like konkurransevilkår. Det ville vere merkverdig om Noreg skulle innta eit standpunkt som i så vesentleg grad skilde seg frå alle andre land vi samanliknar oss med.

Med vennleg helsing
LANDSSAMANSLUTNINGA AV
NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

Jan Magne Dahle (s)
styreleiar



Vidar Høviskeland
dagleg leiar